



---

**Utval:** Klagenemnd  
**Møtestad:** Hamaren Fyresdal næringshage  
**Dato:** 25.04.2019  
**Tid:** Etter formannskapsmøtet

---

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.

Varamedlemmer møter bare etter nærmere varsel.

## **Saksliste**

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
PS 1/19	Klage på avslag om dekking av påførte ekstrakostnader ved flytting av arrangement grunna VA-arbeid i Meieribakken

Fyresdal 15. april 2019

Erik Skjervagen  
ordførar

Fellestenesta  
utvalssekretær

**Saksframlegg****Klage på avslag om dekking av påførte ekstrakostnader ved flytting av arrangement grunna VA-arbeid i Meieribakken**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	8/19	12.03.2019
Klagenemnd	1/19	25.04.2019

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Plan og miljøutvalet**

Vedlegg:

- 1 Fyresdal kommune
- 2 Svar på søknad om dekking av ekstrakostnader
- 3 Klage til kommunen - avslag pa søknad - 29 11 18
- 4 Vedrørende avslag på klage om dekking av ekstrautgifter av 23.3.19

**Bakgrunn for saka:**

Klage på avslag om dekking av utgifter i samband med flytting av arrangement då arbeidet med oppgradering av meieribakken/utskifting av VA-anlegg tok lenger tid enn planlagt.

Det er uklart om det er klageadgang på eit avslag om dekking av ekstrakostnader i samband med kommunalt arbeid, ein har likevel valgt å legge dette fram til politisk handsaming då det kan skape presidens for liknande saker framover. Praksisen vi har hatt til nå har vore i tråd med avslaget som vart gjeve.

**Vurdering:**

Arbeidet med oppgradering av Meieribakken med tilhøyrande utskifting av VA-anlegget i området skulle etter planen ha starta hausten 2017. Men på grunn av tidleg frost og diverse andre oppdrag vart dette utsett til våren 2018. Arbeidet vart igangsatt i starten av mai og berekna til å vere ferdige til sommarsesongen normalt startar, i juni.

Når ein nå veit at sommarsesongen i 2018 alt starta rundt 17. mai med sol og høge temperaturar er det mogleg at ein skulle ha utsett heile arbeidet til hausten då turisttilgangen er mindre, men dette er å vere etterpåklok.

Våren og sommaren 2018 var det lite nedbør og stor brannfare allereie frå slutten av mai. Arrangementet som Meieriet måtte flytte var same dag som Bygdedagen vart arrangert i same område.

Gjennomføringa av Bygdedagen vart diskutera i beredskapssamanhang då det allereie var svært tørt og stor brannfare i Øyskogen. Det vart bl.a iverksett totalforbud mot røyking inne i Øyskogen. Arrangementet til Meieriet ville ikkje vore forsvarleg å halde i området uavhengig av det pågående arbeidet på VA-anlegget.

Brannvesenet la også til rette eit anna området slik at Meieriet skulle kunne arrangere arrangementet til tross for brannfaren.

**Konklusjon:**

Ein ser ikkje at det har kome ytterlegare opplysningar i klagane som skulle endre på vedtaket om avslag.

**Innstilling frå rådmannen:**

Plan og miljøutvalet opprettheldt vedtaket frå administrasjonen på avslag om dekking av utgifter i samband med flytting av arrangement.

Grunna stor brannfare ville ein ikkje ha tillatt arrangementet i dette området.

**Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 12.03.2019**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

**Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 12.03.2019**

Plan og miljøutvalet opprettheldt vedtaket frå administrasjonen på avslag om dekking av utgifter i samband med flytting av arrangement.

Grunna stor brannfare ville ein ikkje ha tillatt arrangementet i dette området.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

Fyresdal kommune  
v/Erik Skjervagen  
3870 Fyresdal

Meieriet cafe pub pizza a/s  
Meieribakken 4  
3870 Fyresdal

Ang flytting av arrangement grunna graving i meieribakken.

Søker med dette om å få dekt reelle ekstrakostnader i forbindelse med arrangementet "vårsleppet" da me måtte flytte det ned i bryggeparken grunna graving i meieribakken.

Leige av mobile toalett har me ikkje fått regning på endå, men kostnaden er:

700.- pr toalett x 4 = 2800 pluss mva	3500.- ettersendes om ønskeleg.
Tømming av toalett	5312,50
Leige av scene pga flytting;	3000.-
Transport tur retur seljord:	5681.-
Totalt kr:	17493,50.-

Mvh

Aud og John Kristian Lukassen  
Meieriet cafe pub pizza A/S

Vedlegg : 3stk



MEIERIET CAFE PUB PIZZA AS  
Meieribakken 4  
3870 FYRESDAL

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2018/1490-2	John Kjell Lien, 35067100 john.kjell.lien@fyresdal.kommune.no	M10	27.11.2018

### **Svar på søknad om dekking av ekstrakostnader**

Syner til dykker søker om dekking av ekstrakostnader til arrangement.

Meieriet cafe pub pizza AS søker om dekking til ekstrakostnader i samband med at dei måtte flyte eit arrangement til bryggeparken, pga arbeida i Meieribakken.

Det har tidleg frå Fyresdal kommune vore informera om arbeida som skulle utføras på VA-anlegget i Meieribakken. Fyresdal kommune har varsle arbeidet på heimeside og facebook. Det har vore dialog med Meieriet cafe pub pizza AS om korleis logistikken skulle løysas. Det blei sett opp skilt etter ynskje frå Meieriet cafe pub pizza AS, om omkjøring. Tidspunkta for arbeidet har vore kjent for alle i god tid føre utføringa.

Fyresdal kommune er ikkje blitt kontakta på førehand av flytinga og varsle om at Meieriet cafe pub pizza AS søker om dekking til ekstrakostnader i samband med at dei måtte flyte eit arrangement til bryggeparken. Utføringa av arbeida i Meieribakken har vore kjent, slik at dette arrangementet kunne vore planlagt annleis i utgangspunktet, for å sleppe ekstrakostnader.

Fyresdal kommune har ikkje for praksis å betale ut erstatningar for naudsynte arbeider med sine VA-anlegg som ligg i vegar/gater.

På dette grunnlag blir dykker søker avslegen.

Med venleg helsing

John Kjell Lien  
Avd.leiar plan og teknikk  
*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*



Meieriet Cafe Pub Pizza AS  
Meieribakken 4  
3870 Fyresdal

Fyresdal, 29.11.2018

Fyresdal kommune  
Klokkarhamaren 6  
3870 Fyresdal

Saksreferanse: 2018/1490-2

### **Klage på avslag på søknad om dekking av påførte ekstrakostnader ved flytting av arrangement grunna VA-arbeid i Meieribakken**

Eg syner til søknad av 16.09.18 om dekkinga av påførte ekstrakostnader i samband med flytting av arrangement grunna VA-arbeid i Meieribakken, og svar av 27.11.2018 med avslag på søknaden.

Det er rett at arbeidet blei varsle i god tid, og at det har vore dialog om dette. Men denne dialogen har vore dårlig og svært mangefull. At vi får skulda for at arrangementet vårt måtte flyttast, for dårlig planlegging osv. er heilt urimeleg og stemmer ikkje med fakta.

Det har vore lite eller ingen informasjon frå den kommunalt ansvarlege for arbeidet, John Kjell Lien, under vegs. Vi har og opplevd liten forståing for korleis dette arbeidet har påverka drifta vår som serveringsstad med uteservering.

**Arbeidet starta 7. mai, og vi fekk på denne tida muntleg informasjon om at arbeidet kom til å ta ca. ei veke.** Denne opplysninga la vi til grunn for at vi kunne ha det lenge planlagde arrangementet på plassen utanfor Meieriet. Det er mest praktisk og økonomiske for oss å ha arrangement hos oss. Erfaringane med arrangement i Bryggeparken er at dette krev fleire vakter, leige av toalett og inngjerding, og mykje transport av utstyr og mat/drikke.

Vi såg etter kvart at arbeidet ville ta mykje lengre tid, men vi fekk vi ikkje ny informasjon om dette frå kommunen. Frå entreprenøren fekk vi etter kvart vite at arbeidet kom til å ta minst fire veker, og at asfalteringa nok ville bli ei stund etter dette. Trass i at vi kom til å få betydelege ekstra kostnader ved flytting, måtte vi gjere det. Arrangementet var annonsert, musikk var bestilt, det var laga avtaler med ekstramannskap/vakter, osv.

Om arbeidet hadde tatt bare ei veke, slik vi først fekk beskjed om, hadde vi ikkje flytta arrangementet. Men slik det utvikla seg, hadde vi ikkje noko val. Dette førte til at vi blei påført unødige ekstrautgifter, som er dokumentert i søknaden. Det er heilt urimeleg at desse skal bli belasta oss.

Vi aksepterer ikkje avslaget. Brevet er i tillegg skrive av prosjektleieren som ga oss feil informasjon, og som heller ikkje seinare retta opp i feilinformasjonen han hadde gitt oss.

Gjennom denne klaga ber vi difor om ei ny behandling og vurdering, og at dette blir gjort av andre enn prosjektleiar John Kjell Lien.

Avslaget er og grunngjeve med at "Fyresdal kommune har ikkje for praksis å betale ut erstatningar for naudsynte arbeider med sine VA-anlegg som ligg i vegar/gater". Det er greitt nok, men det var heller ikkje dette som var grunnlag for søknaden.

Grunnlaget var at vi fekk feil informasjon før gravearbeidet starta, og seinare manglande informasjon, noko som resulterte i at vi kom i ein uønska situasjon der vi blei påført meirkostnader! Då kan ein ikkje bruke ordet "praksis" – her er det snakk om kommunen sitt ansvar etter å ha gjort ein feil.

Vi er skuffa over den kommunale saksbehandlinga. Det tok **ti veker** frå vi sendte søknaden til vi fekk svar. Vi har munnleg etterspurt svar, men opplever ein svært dårlig dialog. Det kan sikkert vere fleire grunnar til dette, men kommunen må uansett fylgje Forvaltingslova. Vi fekk ikkje førebels svar med informasjon om at det ville bli lang saksbehandlingstid, og når vi kunne vente endeleg svar. Brevet inneheld heller ikkje informasjon om at vi har høve til å klage på avslaget på søknaden vår.

Vi kan og gi litt tilleggsinformasjon om korleis situasjonen var for oss i den aktuelle arbeidsperioden:

Som fylgje av oppgraving av asfalten i Meieribakken blei det på grunn av manglande nedbør ei betydeleg støvplage både for oss og for Maria Frisør. Vi måtte stadig tørke sandstøv både i kafeen og heilt inne på kjøkkenet. Uteplassen, som kunne ha vore attraktiv for gjester i sommarvarmen, blei utriveleg og nærmast ubrukeleg på grunn av maskinarbeid og støv. Situasjonen på framsida av Meieriet var svært vanskeleg på Bygdedagen. Vi fekk øydelagt mykje av starten på sesongen, og fekk stadig tilbakemeldingar frå kundar og lokalbefolking om at dette var ein uhaldbar situasjon.

Fos oss ville eit anna tidspunkt vore langt betre, men vi tenkte at det skulle gå greitt med ei vekes arbeid frå 7. mai. Vi er ei sesongbedrift, me er små og sårbare, og må basere driftsøkonomien på ein god sommarsesong.

Kommentaren om skilting av omkjøring er irrelevant for søknaden vår, men det er rett at det blei skilta etter ønske om dette fra oss i sentrum.

Vi har likevel **ikkje** søkt kommunen om kompensasjon for den betydelege nedgangen vi hadde i omsetning i denne perioden, og alle dei daglege, praktiske ulempene vi fekk. Vi har bare søkt om dekking av ekstrakostnadene vi fekk ved flytting av eit enkeltarrangement, og ber om å få ei ny og nøytral handsaming av søknaden og denne klaga.

Med helsing  
Meieriet cafe pub pizza AS

John Kristian Lukassen  
dagleg leiar/styreleiar

Aud S. Lukassen  
drivar

Meieriet Cafe Pub Pizzas AS  
Meieribakken 4  
3870 Fyresdal

Fyresdal, 23.03.2019

Fyresdal kommune  
Klokkarhamaren 6  
3870 Fyresdal

Saksreferanse2018/1490

**Klage på avslag på søknad om dekking av påførte ekstrautgifter ved flytting av arrangement grunna VA-arbeid i Meieribakken.  
Handsaming og vedtak i Plan- og miljøutvalet.**

Me ser på nettsida til kommunen at ovanfor nemnte klage blei handsama av Plan- og miljøutvalet 12.03.2019.

Det er med stor undring og frustrasjon me les saksutgreiing og vedtak. I konklusjonen står det at det ikkje har kome ytterlegare opplysningar i klaga som skulle endre på vedtaket om avslag.

Dette er heilt feil! I klaga av 29.11.18 er det lagt til ei rekke nye opplysningar ut over det som avdelingsleiar plan og teknikk hadde skrive i det korte, administrative avslagsbrevet av 27.11.18. Det skulle ikkje vere nødvendig å ramse opp desse på nytt, men om nødvendig kan me godt gjere det!

Det som er veldig spesielt, er at kommunen i saksutgreiinga kjem med eit heilt nytt argument – brannfaren. Denne er ikkje nemnt med eit ord i avslagsbrevet frå avdelingsleiar. Kvifor var ikkje dette eit avgjerande argument då?

Saksutgreiinga baserar seg på synsing, ikkje fakta, og det er heller ikkje synt til heimel i lov eller forskrift.

Brannvesenet gjennomførte etter avtale førebyggjande tiltak i Bryggeparken, ved dynking av heile området med vatn frå ein brannbil. Dette blei gjort i fordi det uansett var uaktuelt å ha arrangementet på Meieriet grunna arbeidet med VA-anlegget, ikkje på grunn av vurdering av brannfaren i Øyskogen. På arrangementet i Bryggeparken fekk og Securitasvaktene instruks om å halde spesielt oppsyn med brannfare, og det blei i tillegg sett ut ekstra sløkkjeutstyr fleire plassar i området. Desse tiltaka kunne også lett ha vore gjennomført i Øyskogen og området rundt Meieriet, om arrangementet hadde vore der.

Me har vore i kontakt med brannsjefen i Vest-Telemark, Tore Metveit, som stadfester dette. Han sa at det skal svært mykje til før brannvesenet nektar slike arrangement, særlig når det er lett å gjennomføre førebyggjande tiltak. Han syntet og til at det på flyplassen hadde vore modelljetflystemne same helga. Dette arrangementet hadde etter hans mening større risiko pga. fare for flystyrt og brann i flybensin som kunne tenne i tørr skogsmark. Her var det vanskeleg/umogleg å setje inn førebyggjande tiltak, og det hadde difor vore større grunn til å avlyse dette. Det blei det ikkje!

At sakshandsamar i utgreiinga si kjem med påstand om at "Arrangementet til Meieriet ville ikkje ha vore forsvarleg å halde i området uavhengig av det pågående arbeidet på VA-anlegget", er basert på rein synsing i ettertid. Ved ei grundig og reell risikovurdering av brannfarene ville brannsjefen ha vore involvert som faginstans – det har han ikkje vore. Han har heller ikkje blitt kontakta av sakshandsamar før det blei trekt ein konklusjon i saksutgreiinga av klagesaka vår. For kommunen er det bare å ta kontakt med brannsjefen for å få stafest opplysningane me syner til.

Me håpar kommunen tek denne saka opp til ny handsaming, enten i Plan- og miljøutvalet som faktisk har handsama saka på feil grunnlag, eller i Formannskapet som klagenemnd. Me har ikkje fått informasjon om at me har høve til å klage på vedtaket som blei gjort i møtet 12.03.19, men når vedtaket er fatta på feil grunnlag ber me uansett om at saka i får ny handsaming.

Med helsing  
Meieriet cafe pub pizza AS

John Kristian Lukassen  
dagleg leiar/styreleiar

Aud S. Lukassen  
drivar

Kopi: Erik Skjervagen, ordførar  
Nils Vidar Pettersen, leiar i Plan- og miljøutvalet  
Tore Metveit, Brannsjef i Vest-Telemark